

Framtidige innkjøp til Forsvaret 2011–2019

Oppdatert per februar 2011





Innhald

1.	Innleiing.....	3
2.	Investeringsgangen i forsvarssektoren.....	5
3.	Hovudsatsingar	7
3.1	Hovudsatsingar i perioden 2011-2014	7
3.2	Hovudsatsingar i perioden 2015-2019	9
3.3	Landsystem	10
3.4	Sjøsystem.....	12
3.5	Luftsystem	14
3.6	Soldatsystem	16
3.7	Nettverksbasert forsvar (NbF).....	18
3.8	Logistikksystem	20
4.	Oversikt over moglege og planlagde prosjekt (MP og PP)	22

1. INNLEIING

Som ledd i den overordna forsvarsplanlegginga har Forsvarsdepartementet òg ansvar for planlegginga av materiellinvesteringane i Forsvaret.

I *St.meld. nr. 38 (2006–2007) Forsvaret og industrien – strategiske partnere*, kjem det til uttrykk kva strategi regjeringa har for å styrke dei næringspolitiske aspekta ved materiellinvesteringane i Forsvaret. Basert på behova til Forsvaret skal strategien for dei næringspolitiske aspekta ved innkjøpa til Forsvaret bidra til auka nasjonal verdiskaping og utvikling av eit konkurransedyktig næringsliv. Vidare skal han sikre Forsvaret nødvendig tilgang på kompetanse, materiell og tenester. Det strategiske samarbeidet mellom Forsvaret, forskings- og utviklingsmiljøa og næringslivet skal òg styrkast. Samarbeidet vil omfatte både nasjonale og internasjonale prosjekt.

Eit av dei bærande elementa i strategien er tidleg dialog mellom partane, inkludert formidling av både kortsiktige og langsiktige materiellrelaterte behov. I stortingsmeldinga heiter det mellom anna at Forsvarsdepartementet vil arbeide for *"... at Forsvaret og industrien på et tidligst mulig tidspunkt utveksler informasjon om industrielle muligheter ved Forsvarets planlagte anskaffelser"*. Vidare heiter det at samarbeidet mellom Forsvaret og industrien skal *"... ta utgangspunkt i de foreliggende materiellplanene ..."*.

Eit sentralt element i materiellplanlegginga er at det kvart år skal setjast opp ein Perspektivplan materiell (PPM). Planen skisserer prioriteringar og satsingsområde knytte til materiellinvesteringar i forsvarssektoren, og har eit tredelt perspektiv; eit kort på om lag 4-5 år, eit mellomlangt på om lag 9-10 år og endeleg eit langsiktig perspektiv ut over dette. Med grunnlag i PPM gir Forsvarsdepartementet ut ei oversikt over framtidige innkjøp til Forsvaret for perioden 2011–2019. Siktemålet er å gi industrien tidleg innsikt i moglege materiellinvesteringar og slik bidra til å vidareutvikle norsk industri si evne til å støtte opp under materiellbehovet til Forsvaret. Oversikta for perioden 2011–2019 vil samstundes gjere det lettare for norsk industri å delta i internasjonalt materiellsamarbeid og syte for at norske bedrifter best mogleg blir i stand til å levere materiell og tenester til Forsvaret når dette blir sett som føremålstenleg.

Materiellinvesteringane til Forsvaret er underlagt eit vedtaks- og godkjeningsregime som inkluderer Forsvarsdepartementet og Stortinget. På det tidspunktet publikasjonen kjem ut, inneheld han prosjekt som førebels ikkje er formelt godkjende i tråd med gjeldande prosedyrar. Prosjekta blir derfor kategoriserte som moglege (MP) og planlagde prosjekt (PP). For Forsvarsdepartementet er det viktig å presisere at så lenge eit prosjekt ligg i porteføljen av moglege og planlagde prosjekt, vil det alltid vere noko usikkert om prosjektet vil bli gjennomført. Ved å gjere lesaren merksam på denne uvissa, tek Forsvarsdepartementet viktige atterhald både med tanke på om det einskilde prosjektet vil bli godkjent, og med tanke på det endelege innhaldet i og omfanget av prosjektet.

Oversikta inneheld ikkje godkjende prosjekt (GP). Informasjon om denne kategorien prosjekt finst mellom anna på heimesida til Forsvarets logistikkorganisasjon (FLO).



Einskilde prosjekt, som av ulike årsaker ikkje kan offentleggjerast, er unnateke denne oversikta. Det kan til dømes vere planar som går inn under tryggingslova og derfor er unnatekne offentleg innsyn.

Dokumentet vert lagt ut som eit elektronisk dokument på FD sin del av nettstaden <http://www.regjeringen.no>. Det vert ikkje publisert i papirformat. Sett i lys av føremålsparagrafane i innkjøpsregelverka og prinsippa om konkurranse og likebehandling, har ein i tillegg vedteke å utarbeide ein engelsk versjon.

2. INVESTERINGSGANGEN I FORSVARSSEKTOREN

Forsvarssektoren er sett saman av Forsvarsdepartementet (FD) med dei underordna etatane Forsvaret, Nasjonalt tryggingorgan, Forsvarsbygg og Forsvarets forskingsinstitutt. Det er FD som vedtek alle investeringane i forsvarssektoren, og dei underordna etatane utfører investeringsaktivitetar etter oppdrag. Forsvarssektoren har innført ein prosjektmodell (PRINSIX) som definerer fasar, vedtakspunkt og roller/ansvar. Dette sikrar ei homogen og heilskapleg gjennomføring av investeringane. For å følgje opp framdrifta i investeringsarbeidet, har FD etablert fleire program.

Prosjektidéar kan komme frå kven som helst i forsvarssektoren, eller på bakgrunn av det strategiske planarbeidet. Idéane blir presenterte for programområda og handsama der. Programma gjev FD råd om kva prosjekt som bør prioriterast og først vidare. Dersom ein vedtek å gå vidare med prosjektidéen, kan utfallet bli at ein set i gang ein konseptuell studie eller etablerer eit forprosjekt. Men ein kan òg vedta at ein ikkje skal gå vidare med prosjektidéen eller leggje idéen på vent.

Ein konseptuell studie skal vurdere alternative konsept i høve til det reelle behovet. Det vil vanlegvis seie ei vurdering av korleis ulike kapasitetsbehov kan løysast på konseptuelt forskjellige måtar. Når ein gjer dette, vurderer ein ofte òg tidlegare erfaringar opp mot nye konsept, vidareføring eller heilt nye konsept, gjerne kombinert med kvarandre. Konseptuell løysing (KL) er nemninga på det dokumentet som blir fremja som avgjerdsgrunnlag ved slutten av konseptfasen. I tillegg til å vere eit sentralt vedtaksdokument er dokumentet òg grunnlag for ekstern kvalitetssikring i samsvar med retningsliner frå Finansdepartementet. Prosjekt i denne fasen er det vi kallar "moglege prosjekt", og har koden MP.


Etter at dei konseptuelle studiane er gjennomførte, startar arbeidet med å etablere ei Framskaffingsløysing (FL) for godkjenning av prosjektet. Eit prosjekt i denne fasen er det vi kallar eit "planlagt prosjekt", og det har koden PP I praksis går dei fleste mindre prosjekta direkte til denne fasen utan at det blir utarbeidd KL først. FL skal mellom anna gjere greie for alternative framskaffingsstrategiar (offentleg-privat partnerskap, leige/lease, Foreign Military Sales (FMS), bruktkjøp, tradisjonelt kjøp og liknande) og gje ei grunngeven utgreiing av kva framskaffingsstrategi som skal brukast. Framskaffing gjennom NAMSA (NATO Maintenance and Supply Agency) eller NATO C3 (Command, Control & Communications) Agency skal alltid vurderast som ein mogleg framskaffingsstrategi. FL skal vidare gjere greie for val av innkjøpsmetode, bruk av forskot, opsjonar, attkjøpshøve og andre avtalehøve. Det er Innkjøpsregelverk for Forsvaret (IRF) del 3 som omtalar krava til avtalestrategi. Det er ein hovudregel for alle innkjøp at dei skal skje gjennom konkurranse.

Dei største og mest omfangsrrike materiellprosjekta i Forsvaret – med ei kostnadsramme på over 500 millionar kroner – blir kalla Kategori 1-prosjekt. Slike prosjekt må godkjennast av Stortinget både når dei blir oppretta, og dersom kostnadsramma blir endra. Prosjekt med ei kostnadsramme under 500 millionar kroner er det FD som godkjenner.

Etter at prosjektet er godkjent for gjennomføring, sender FD ut eit Gjennomføringsoppdrag (GO) til den aktuelle etaten. Eit prosjekt i denne fasen blir kalla "godkjent prosjekt" og har koden GP.

3. HOVUDSATSINGAR

3.1 Hovudsatsingar i perioden 2011-2014



Investeringane i perioden 2011-2014 er dominerte av investeringane som er i gang når det gjeld fartøysstrukturen i Sjøforsvaret:

- Den siste av fregattane i Fridtjof Nansen-klassen vert levert
- Dei siste MTB-ane i Skjold-klassen vert leverte
- Det vert skaffa til veges NH-90 helikopter til fregattane og Kystvakta
- Undervassbåtane i Ula-klassen vert oppgradert

Samstundes skaffast fleire nye våpen til veges for Sjøforsvaret:

- Nytt sjømålsmissil
- Lettvektstorpedoar (til bruk mot undervassbåtar). Desse er òg tenkt brukte på fregatthelikoptra og dei maritime patruljefly

Tilgang til strategisk lufttransport er sikra ved å halde fram med deltaking i eit fleirnasjonalt program der det er kjøpt inn tre C-17 transportfly.


Ein held fram med å kjøpe lette, pansra kjøretøy. Kjøretøya er eit prioritert element i vernet av styrkane under operasjonar mellom anna i utlandet.

Anskaffing av artillerisystemet Archer held fram i samarbeid med Sverige. Pansra kamp- og oppklaringskjøretøy er dei høgst prioriterte anskaffingane til Hæren. Leveransane av dette materiellet vil strekke seg fram mot 2017.

Styrkevern og sanitet er høgt prioritert i samband med operasjonar i utlandet. Mange innkjøp er i gang, og mange er planlagt i perioden.

Nettverksbasert forsvar er prioritert, og mange prosjekt er under planlegging for å gjere denne satsinga mogleg. Samstundes er det nødvendig å investere i dei eksisterande systema for å sikre at nødvendige tenester kan leverast.

3.2 Hovudsatsingar i perioden 2015-2019



Hovudtyngda av investeringsaktiviteten i perioden 2015–2019 vil dreie frå Sjøsystem til Luftsystem, medan nivået innan Landsystem vert oppretthalde. Planlagde leveransar i kampflyprosjektet startar mot slutten av perioden, og hovudleveransane av pansra kamp- og oppklaringskjøretøy skjer fram til om lag 2017.

Leveransane av nytt sjømålsmissil (NSM) vil halde fram. Det vil bli levert eit nytt logistikkfartøy.

Ein vil òg halde fram med å fokusere på utvikling av eit nettverksbasert forsvar (NbF). Sensorparken for luftromskontroll og -varsling vil bli oppgradert og skifta ut frå siste del av perioden.

3.3 Landsystem





Diagram 3: Fordeling av investeringar på år (mill. kroner).

Diagram 4: Hovudfordeling (mrd. kroner).

Hovudtyngda av investeringane innanfor programmet Landsystem er:

- Kampkjøretøy og artilleri (middelstungt standard panserkjøretøy, pansra stridsoppklaringssystem og artilleri i samarbeid med Sverige).
- Lette, pansra kjøretøy vert kjøpte inn gjennom heile perioden. Det vil vere nødvendig å skaffe nye kjøretøy av denne typen etter måten hyppig på grunn av svært stor slitasje under operasjonar i utlandet.
- Simulator og treningsmateriell omfattar oppgradering av kampsimulator, materiell til Hærens taktiske treningssenter og FAC/eldleiarssimulator.
- Andre investeringar omfattar M-113, diverse våpenstasjonar til kjøretøy, avgrensa oppgradering av SISU og ei rekke mindre investeringar.

3.4 Sjøsystem





Diagram 5: Fordeling av investeringar på år (mill. kroner).

Diagram 6: Hovudfordeling (mrd. kroner).

I programmet Sjøsystem er hovudtyngda av investeringane knytt til store nyskaffingar tidleg i perioden av fartøy og tilhøyrande våpensystem:

- Fregatt
- MTB
- Nytt sjømålsmissil (NSM)
- Maritime helikopter
- Nye lettvektstorpedoar til fregatt, helikopter og maritime patruljefly
- Oppgradering av MISTRAL luftvernmissil
- Oppgradering av undervassbåtar
- Fleire mindre innkjøp til Kystvakta

3.5 Luftsystem





Diagram 7: Fordeling av investeringar på år (mill. kroner).

Diagram 8: Hovudfordeling (mrd. kroner).

Investeringane innanfor programmet Luftsystem fokuserer på å føre vidare F-16 som eit førstelinekampfly fram til det blir erstatta av eit nytt fly. Det vil seie oppgraderingar av dei eksisterande systema i flyet, kapasitetsoppgraderingar og strukturarbeid.

Førebuingane til innkjøp av nye kampfly er i gang. Dei første leveransane er planlagde til slutten av perioden. Endeleg omfang og leveransetakt er ikkje kjent per i dag.

Det er planlagt investeringar innanfor maritim overvaking gjennom oppgradering av Orion maritime patruljefly.

3.6 Soldatsystem





Diagram 9: Fordeling av investeringar på år (mill. kroner).

Diagram 10: Hovudfordeling (mrd. kroner).

Programmet Soldatsystem kjøper svært mange einskildartiklar innanfor fleire ulike prosjekt.

Noko det blir lagt vekt på i denne perioden, er at ein er i gang med innkjøp av forskjellige typar våpen. Det er planar om å kjøpe klede og personleg utrusting (PBU) gjennom heile perioden.

3.7 Nettverksbasert forsvar (NbF)





Diagram 11: Fordeling av investeringar på år (mill. kroner).

Diagram 12: Hovudfordeling (mrd. kroner).

Programmet NbF er eit svært samansett program som er delt i to hovuddelar – Etterretning og overvaking (E & O) og Informasjonsinfrastruktur (INI).

Innanfor E & O er dei viktigaste investeringane knytte til:

- ISTAR – samband og oppbygging av kapasiteten, vidareutvikling med sensorar og biletoppbygging
- Luftovervaking – utskifting av sensorar og bidrag til den luftborne varslings- og kontrollstyrken i NATO
- Eit felles NATO-prosjekt for luftboren bakkeovervaking – Alliance Ground Surveillance (AGS)

Innafor INI finst det ei lang rekkje prosjekt for å utvikle og føre vidare kapasitetar mellom anna når det gjeld:

- Samband lang rekkjevidde, inkludert HF og satellittkommunikasjon
- Levetidsforlenging og modernisering av taktisk samband
- Variantbegrensing
- Avgjerdsstøttetenester
- Sikring av plattformer inkludert sikring av lagring og kommunikasjon for dei mobile einingane
- Nettverksnodar for taktisk nivå

3.8 Logistikkssystem





Diagram 13: Fordeling av investeringar på år (mill. kroner).

Diagram 14: Hovudfordeling (mrd. kroner).

Hovudtyngda av investeringane innanfor programmet Logikksystem er:

- I området ARBC er dei viktigaste investeringane knytte til søkje- og påvisingspanservogn og system for reins av personell og materiell.
- I området ingeniør er det fokusert på vern mot improviserte sprengladningar, EOD og materiell til støtte av operasjonar i utlandet.
- I området logistikk er det kjøp av nytt logistikkfartøy som dominerer, men kjøp av ulike typar lastevogner vil òg utgjere ein monaleg del. Det blir i tillegg kjøpt inn anna logistikkrelatert utstyr innanfor ei rekkje prosjekt av mindre omfang.
- Området sanitet legg vekt på sanitetsstøtte, spesielt knytt til operasjonar i utlandet, og kjøp av pansra og upansra ambulansar.

4. OVERSIKT OVER MOGLEGE OG PLANLAGDE PROSJEKT (MP OG PP)



Landsystem

23



Sjøsystem

30



Luftsystem

46



Soldatsystem

51



Nettverksbasert forsvar

69



Logistikksystem

91

LANDSYSTEM

Kontaktperson: Seniorrådgjevar Bjørn Ryen
Programleiar Landsystem
Forsvarsdepartementet
Telefon 23 09 80 00



Oversikt Landsystem

	Side	Status
5021 MLU Artillerilokaliseringsradar	25	PP
5027 Middels lett kamp- og støttekjøretøy	26	MP
5029 Pansra hjulkjøretøy/støttekjøretøy	27	PP
8308 Målmateriell (Delprosjekt 2)	28	PP
8309 Taktisk trener	29	PP

P 5021 – MLU Artillerilokaliseringsradar

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Føremålet med prosjektet er å utarbeide ein prototyp for ein mogleg framtidig oppgradering og vidareutvikling av programvaredelen på artillerilokaliseringsradaren ARTHUR. Ein vurderer òg ein annan type kjøretøy, men då med pansring. Prosjektet er identifisert som eitt av fleire moglege samarbeidsprosjekt med det svenske forsvaret.

Omfang:

Oppdatering/vidareutvikling av programvara på alle ARTHUR. Mogleg utskifting av kjøretøy.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011-2012
Kontrakt:	2012-2013
Leveransen avslutta:	2019

Kostnadsanslag:

0-100 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Landsystem – seniorrådgjevar Bjørn Ryen

P 5027 – Middels lett kamp- og støttekjøretøy

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Føremålet med prosjektet er å erstatte kjøretøya av typen M-113 og SISU fordi det ikkje lenger løner seg å halde desse ved like og/eller oppgradere dei. Føresetnaden er at Forsvaret skal ha ein slik pansra kapasitet i framtida.

Omfang:

Erstatte kjøretøy av typen M-113 og SISU for å gje dei avdelingane som bruker desse i dag, evne til å halde kapasiteten sin ved lag. Talet på kjøretøy må avklarast seinare.

Prosjektstatus: MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2017
Kontrakt: Tidlegast	2018
Leveransen avslutta:	Ikkje fastsett

Kostnadsanslag:

Under utgreiing.

Kontaktperson:

Programleiar Landsystem – seniorrådgjevar Bjørn Ryen

P 5029 – Pansra hjul-/støttekjøretøy

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Føremålet med prosjektet er å kjøpe inn pansra hjulkjøretøy til bruk hovudsakleg i brigadens lett-bataljon (Bn 2) og i samband med operasjonar i utlandet.

Omfang:

Prosjektet omfattar pansra hjulkjøretøy til ei lett bataljonsstridsgruppe samt til prioriterte sanitetseiningar. Alle dei ulike funksjonane innan ei bataljonsstridsgruppe skal dekkjast, til dømes patruljeoppdrag, lagskjøretøy, ambulanse, eksplosivryddelag, reparasjonslag og kommandovogn.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2012
Kontrakt:	2014
Leveransen avslutta:	2022

Kostnadsanslag:

3000-5000 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Landsystem – seniorrådgjevar Bjørn Ryen

P 8308 – Målmateriell (Delprosjekt 2)

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Føremålet med prosjektet er å kjøpe inn målmateriell til ulike skytefelt i Forsvaret.

Omfang:

Materiellet som skal kjøpast inn, skal mellom anna dekkje behova for elektroniske målarrangement på skytebanar av forskjellig type. Ein vurderer vidare å kjøpe inn målmateriell til alle HV-distrikta.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2012
Kontrakt:	2013-2014
Leveransen avslutta:	2017

Kostnadsanslag:

0-100 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Landsystem – seniorrådgjevar Bjørn Ryen

P 8309 – Taktisk trener

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Tidlegare har Heimevernet (HV) i liten grad brukt simulatorar og taktiske trenarar i utdanninga si. For å auke kvaliteten på utdanninga og gje presis og relevant tilbakemelding, har ein oppretta eit prosjekt som har til føremål å skaffe mobile taktiske trenarar og skivearrangement til alle HV-distrikta. Systema skal kunne brukast av avdelingar opp til og med troppsnivå. Skivearrangementa skal vere slik at det er mogleg å skyte på dei med både skarp ammunisjon og lasersendarar.

Omfang:

Planane er å skaffe til veges mobile taktiske trenarar og skivearrangement til HV-distrikta. Systema inneheld mellom anna lasersendarar for våpen som er i bruk i HV, vestar og hjelmband med mottakarar som registrerer laserskyting, og sendarar som gjer det mogleg å registrere posisjon.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011
Kontrakt:	2012
Leveransen avslutta:	2016

Kostnadsanslag:

0-100 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Landsystem – seniorrådgjevar Bjørn Ryen

SJØSYSTEM

Kontaktperson: Oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

Programleiar Sjøsystem

Forsvarsdepartementet

Telefon 23 09 80 00



Oversikt Sjøsystem

	Side	Status
3051 Levetidsforlenging av Nordkapp-klassen fram til 2020 . . .	32	PP
6004 IFF til Sjøforsvaret	33	PP
6008 Oppgradering GPS Sjøforsvaret	34	PP
6086 AEGIS COTS baseline update	35	MP
6349 Eingangsvåpen for uskadeliggjering av sjøminer	36	PP
6353 Motoroppgradering mineryddarar	37	MP
6366 Navigasjonsutstyr – Mineryddarar	38	MP
6500 HUGIN serieanskaffing	39	MP
6605 Oppgradering/oppdatering ytre Kystvakt	40	PP
6607 Levetidsforlenging mineryddarar	41	MP
6608 Mid Life Update KV Svalbard	42	MP
6617 Stabilisert observasjonsmateriell (IR) til Kystvakta	43	MP
8913 Erstatning fleirbruksbåtar til SHV	44	MP
8914 Nærforsvarsvåpen Reine og Shetlandsklassen	45	PP

P 3051 – Levetidsforlenging av Nordkapp-klassen fram til 2020

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Oppdatere Kystvakta sine tre Nordkapp-klasse fartøy for å sikre operativ tilgjenge fram mot 2020.

Omfang:

Ivareta HMS-tilhøve om bord og sikre teknisk stabilitet.

Prosjektstatus: MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2012
Kontrakt:	2012
Leveransen avslutta:	2013-2014

Kostnadsanslag:

0 – 100 mill. kroner

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6004 – IFF til Sjøforsvaret

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Skaffe til veges og oppdatere IFF til Sjøforsvarets utvalde fartøy slik at dei møter NATO sine krav.

Omfang:

Nødvendig programvare og maskinvare for å integrere IFF på utvalde fartøy som ikkje har systemet og oppgradere andre utvalde fartøy.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2012
Kontrakt:	2012
Leveransen avslutta:	2015-2016

Kostnadsanslag:

0 – 100 mill. kroner

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6008 – Oppgradering GPS Sjøforsvaret

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Sikre at navigasjonssystema i Sjøforsvaret møter nasjonale og allierte krav med omsyn til endringar i frekvens, krypto og at dei blir meir motstandsdyktig mot elektroniske mottiltak (jamming).

Omfang:

Skaffe til veges og modernisere GPS-system i Sjøforsvaret.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011
Kontrakt:	2012
Leveransen avslutta:	2014

Kostnadsanslag:

0 – 100 mill. kroner

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6086 – AEGIS COTS Baseline Update

Bakgrunn og overordna målsetting:

Prosjektet vil oppdatere AEGIS-systemet på fregattane slik at dei operative kapasitetane vert oppretthaldne. Prosjektet vil verte tilpassa i tid slik at det skjer samstundes med tilsvarande oppgraderingar hos dei store brukarane av systemet.

Omfang:

Utsifting av maskinvare og programvare på alle fregattane.

Prosjektstatus: MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2013
Kontrakt:	2013-2014
Leveranse avslutta:	2017

Kostnadsanslag:

0-800 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvalg

P 6349 – Eingangsvåpen for uskadeliggjøring av sjøminer

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Etablere og oppdatere evne til minejakt – og mineryddeoperasjonar til sjøs.

Omfang:

Skaffe til veges utstyr for uskadeleggjing av forskjellige typar miner, både forankra og botnminer.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt: 2011

Kontrakt: 2011

Leveransen avslutta: 2014

Kostnadsanslag:

0 – 100 mill. kroner

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6353 – Motoroppgradering mineryddarar

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Formålet med prosjektet er å kjøpe inn nødvendige motorkomponentar til mineryddarane med det føremål å understøtte drifta vidare framover.

Omfang:

Endeleg omfang av prosjektet vil bli fastlagd etter at det er gjort ei teknisk undersøking av fartøya. Ein må antakeleg kjøpe inn fire komplette framdriftslinjer som omfattar hovudmotor m/gir og løfteviftemotor m/gir. Hjelpemaskineri og noko elektronisk materiell må og kjøpast inn.

Prosjektstatus: MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2012-2013
Kontrakt:	2013-2014
Leveransen avslutta:	2016-2017

Kostnadsanslag:

0-100 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6366 – Navigasjonsutstyr mineryddarar

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Erstatte gyro II og innføre papirlaus navigasjon (Electronic Chart Display and Information System) for å betre navigasjonssikkerheita og for å oppretthalde teknisk tilgjenge og framtidig sertifisering av navigasjonssystemet.

Omfang:

Skaffe til veges og installere ECDIS på seks fartøy, samt erstatte gyro på seks fartøy.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011
Kontrakt:	2012
Leveransen avslutta:	2013

Kostnadsanslag:

0 – 100 mill. kroner

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6500 – Kjøp av Hugin Sjølvstyrande Undervassfarkost

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Arbeidet med å utvikle og realisere ein kapasitet i Sjøforsvaret med ein sjølvstyrande undervassfarkost, såkalla AUV, har gått føre seg sidan 1997. Innsatsen har vært formalisert gjennom eit eige FOU-program. Sjøforsvaret, FFI og leverandør har samarbeidd nært og målretta sidan oppstarten av programmet. Hugin skal gi Sjøforsvaret betydeleg betre evne til å skaffe tilveges botn- og undervassinformasjon for å gi brukande kampeiningar betre informasjonsgrunnlag.

Omfang:

Prosjektet inkluderer å kjøpe inn inntil tre komplette AUV-system med farkost, system for utsetting og inntaking, akustisk link for posisjonering og kontroll av farkosten samt taktisk kontrollsystem. Systemet vert skaffa tilveges primært for installasjon om bord på mineryddingsfartøy, men skal også verte tilpassa eit fleksibelt operasjonskonsept som inneber høve til bruk frå andre fartøy

Prosjektstatus: MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2012
Kontrakt:	2013
Leveransen avslutta:	2015

Kostnadsanslag:

0-100 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6605 – Oppdatering kystvakt

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Teknisk og materiellmessig oppdatering av kystvaktfartøy for å sikre at fartøya til Kystvakta er teknisk tilgjengelege, og at den operative drifta av dei er kostnadseffektiv.

Omfang:

Skal dekkje tekniske oppdateringar for dei eldste fartøya i strukturen og materiellmessige tilpassingar òg for leigd struktur som ikkje er dekt av leigekontraktar.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011
Kontrakt:	2011
Leveransen avslutta:	2013

Kostnadsanslag:

0 – 100 mill. kroner

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6607 – Levetidsforlenging mineryddarar

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Skipsteknisk oppdatering av fartøy for å sikre operativ tilgjenge i levetida. Materiellemessig vil dette kunne omfatte bl.a. hovudmotorar, skipsteknisk kontroll, hydraulikk, elektronikk og koplingsmateriell.

Omfang:

Under utgreiing.

Prosjektstatus:

MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt: Under utgreiing.

Kontrakt: Under utgreiing.

Leveransen avslutta: Under utgreiing.

Kostnadsanslag:

Under utgreiing.

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6608 – Mid Life Update KV Svalbard

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Plattformteknisk og skipsteknisk oppdatering av fartøyet for å sikre operativ tilgjenge i levetida. Materiellmessig vil dette kunne omfatte skipstekniske forhold samt KKIS og skrog.

Omfang:

Under utgreiing.

Prosjektstatus:

MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt: Under utgreiing.

Kontrakt: Under utgreiing.

Leveransen avslutta: Under utgreiing.

Kostnadsanslag:

Under utgreiing.

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 6617 – Stabilisert observasjonsmaterieil (IR) til Kystvakten

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Oppnå økt operativ evne spesielt med omsyn til søk og redning, navigasjonstryggleik, overvaking og billetoppbygging.

Omfang:

Skaffe til veges infraraudt kamera til Kystvakta sine fartøy for betre å oppdage fartøy, personell, olje og gjenstandar i sjøen under nedsett sikt.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011
Kontrakt:	2011
Leveransen avslutta:	2013-2014

Kostnadsanslag:

0 – 100 mill. kroner

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 8913 – Erstatning fleirbruksbåtar til SHV

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Erstatte fleirbruksbåtane av Hårek-klassen og Gyda-klassen med nye fleirbruksbåtar for å oppretthalde taktisk mobilitet i Sjøheimevernet.

Omfang:

Seks fartøy som er under 20 meter lange.

Prosjektstatus: MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt: 2018
Kontrakt: 2018-2019
Leveransen avslutta: Under utgreiing.

Kostnadsanslag:

0-100 mill. kroner

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

P 8914 – Nærforsvarskanoner til Reine- og Shetland-klassen

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Skaffe til veges våpensystem for nærforsvar til Reine- og Shetland-klassen.

Omfang:

Skaffe til veges nærforsvarskanoner til Reine- og Shetland-klassen.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011
Kontrakt:	2011
Leveransen avslutta:	2013

Kostnadsanslag:

0 – 100 mill. kroner

Kontaktperson:

Programleiar Sjøsystem – oberstløytnant Inger Birgitte Kvale Sørvåg

LUFTSYSTEM

Kontaktperson: Seniorrådgjevar André Sørli

Programleiar Luftsystem

Forsvarsdepartementet

Telefon 23 09 80 00



Oversikt Luftsystem

	Side	Status
7544 Presisjonsvåpen med redusert sprengkraft for F-16	48	MP
7613 Oppdatering av NASAMS II utskytingsplattformer	49	MP
7819 Block 8.1 oppdatering C-130J	50	MP

P 7544 Presisjonsvåpen med redusert sprengkraft for F-16

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Skaffe til veges presisjonsvåpen med redusert sprengkraft for F-16, såkalla "Small Diameter Bombs".

Det er tidlegare godkjent eit prosjekt som skaffar til veges GPS-styrte presisjonsvåpen som skal gi Forsvaret ein autonom offensiv kapasitet i operasjonar der skyer hindrar fri sikt til målet. Dette er våpen som må leverast på mindre avstand frå målet og med større sprengkraft enn det som er målsettinga for dette prosjektet. Våpensystemet vil ha auka treffsikkerheit, som saman med den reduserte sprengkrafta vil minske risikoen for utilsikta skade.

Omfang:

Prosjekt 7544 skal gi ein grunnleggande kapasitet som ein kan gå vidare med seinare. Utstyret som skaffast til veges skal nyttast vidare på F-35 og en oppbygging av full kapasitet skal gjennomførast som eit delprosjekt under kampflyprogrammet.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011
Kontrakt:	2012
Leveransen avslutta:	2014

Kostnadsanslag:

0-100 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Luftsystem – seniorrådgjevar André Sørli

P 7613 Oppdatering av NASAMS II utskytingsplattformer

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Prosjektet skal erstatte forelda delar for å føre vidare den operative kapasiteten på luftvernssystemet NASAMS II.

Omfang:

Oppdatering av inntil 22 NASAMS II utskytningsplattformer.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011
Kontrakt:	2012/2013
Leveransen avslutta:	2016

Kostnadsanslag:

100-300 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Luftsystem – seniorrådgjevar André Sørli

P 7819 – Block 8.1 oppdatering C-130J

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Oppdateringar saman med andre allierte C-130J-brukarar vil mellom anna trygge tilgang til sivilt luftrom, forenkle vidare drift og oppretthalde kapasitetane til C-130J som våpensystem.

Omfang:

Block 8.1-oppdatering av alle fire C-130J. Mellom anna gjennom oppdateringar av IFF og Air Traffic System Data Link for Line of Sight og Beyond Line of Sight - kommunikasjon.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2011
Kontrakt:	2015
Leveransen avslutta:	2016

Kostnadsanslag:

100-300 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Luftsystem – seniorrådgjevar André Sørli

SOLDATSYSTEM

Kontaktperson: Oberstløytnant Terje Ågren
Programleiar Soldatsystem
Forsvarsdepartementet
Telefon 23 09 80 00



Oversikt Soldatsystem

	Side	Status
4003 Digitalisering 3 (NORMANS)	53	MP
4005 Middels tungt maskingevær	54	MP
4013 Mørkeutrusting	55	PP
4014 Uthald	56	PP
4015 Mobilitet	57	PP
4016 Mindre dødelege våpen (MDV)	58	PP
4018 Sjølvforsvarsvåpen 2	59	MP
4019 Klede og vern	60	MP
4021 Pistol	61	PP
4023 Digitalisering 3	62	MP
4024 Masseteneste	63	PP
4025 Angrepsrifle 2	64	MP
4026 Skarpskyttarrifle 12.7 MØR	65	MP
4027 Nærkampammunisjon	66	PP
4130 Innkjøp av beredskapsammunisjon int. operasjonar .	67	PP
8317 Oppgradering av 84 mm rekylfri kanon (RFK)	68	PP

P 4003 – Digitalisering 3 (NORMANS)

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Prosjektet skal utvikle vidare den kapasiteten og dei materielltypane som er kjøpte inn i eksempelvis prosjekt 4001 og prosjekt 4002, basert på forventa teknologisk utvikling og operative erfaringar.

Omfang:

I utgangspunktet skal dette innkjøpet dekkje behova i heile Forsvaret.

Prosjektstatus: MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2017
Kontrakt:	2018
Leveransen avslutta:	2020

Kostnadsanslag:

100-300 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Soldatsystem – Oberstløytnant Terje Ågren

P 4005 – Middels tungt maskingevær

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Prosjektet skal kjøpe inn erstatningsvåpen for dei MG-3-ane Forsvaret har i dag. Middels tungt maskingevær skal først vidare i alle forsvarsgreinene, men det endelege kaliberval er ikkje gjort.

Omfang:

I utgangspunktet skal dette innkjøpet dekkje behova i heile Forsvaret.

Prosjektstatus: MP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2015
Kontrakt:	2015
Leveransen avslutta:	2018

Kostnadsanslag:

0-100 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Soldatsystem – Oberstløytnant Terje Ågren

P 4013 – Mørkeutrusting

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Prosjektet skal skaffe til veges mørkeutrusting til prioriterte våpensystem og einingar.

Omfang:

I utgangspunktet skal dette innkjøpet dekkje behova i heile Forsvaret.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt: 2012

Kontrakt: 2013

Leveransen avslutta: 2019

Kostnadsanslag:

100-300 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Soldatsystem – Oberstløytnant Terje Ågren

P 4014 – Uthald

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Prosjektet skal kjøpe inn materiell av forskjellige typar som set den einkilde soldaten i stand til å gjennomføre operasjonar under varierende tilhøve over tid på ein tilfredsstillande måte. Nokre døme på kva materielltypar ein vurderer å kjøpe, er drikkesystem, sovepose for varmt og kaldt klima, ulike typar liggjeunderlag og varmekjelder. Det vert forventa at rammeavtalar vert inngått for dei produkta som vert omfatta av prosjektet med vald leverandør.

Omfang:

I utgangspunktet skal dette innkjøpet dekkje behova i heile Forsvaret.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2012
Kontrakt:	2013
Leveransen avslutta:	2021

Kostnadsanslag:

300-500 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Soldatsystem – Oberstløytnant Terje Ågren

P 4015 – Mobilitet

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Prosjektet skal kjøpe inn materiell av forskjellige typar som set den einskilde soldat i stand til å flytte seg under varierende forhold over tid. Nokre døme på kva materielltypar ein vurderer å kjøpe, er telt, ski, truger, pulk, osv. Det vert forventa at rammeavtalar vert inngått for dei produkta som vert omfatta av prosjektet med vald leverandør.

Omfang:

I utgangspunktet skal dette innkjøpet dekkje behova i heile Forsvaret.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2012
Kontrakt:	2013
Leveransen avslutta:	2021

Kostnadsanslag:

300-500 mill. kroner.

Kontaktperson:

Programleiar Soldatsystem – Oberstløytnant Terje Ågren

P 4016 – Mindre dødelege våpen (MDV)

Bakgrunn og overordna målsetjing:

Norske soldatar møter – og må rekne med å møte – stadig nye og til no ukjende utfordringar når dei er i internasjonal teneste. Dette kan til dømes vere barnesoldatar, aggressive menneskemassar og andre situasjonar der sivile kan verte skadde/drepne dersom soldatane bruker skarpt skyts for å forsvare seg. Forsvaret er derfor i ferd med å innføre ein mindre dødeleg våpenkapasitet for å kunne reagere på desse og liknande situasjonar på ein adekvat måte og i samsvar med proporsjonalitetsprinsippet. Mindre dødelege våpen som kapasitet vart kjøpte inn i eit tidlegare prosjekt. I dette prosjektet skal ein mellom kjøpe inn laser, lys og optisk sikte til dei nemnde våpna, i tillegg til fleire typar mindre dødelig ammunisjon. Forsvaret skal ikkje skaffe til veges og nytte våpen og ammunisjon som er i strid med folkeretten eller andre lovar og reglar.

Omfang:

I utgangspunktet skal dette innkjøpet dekkje behova til prioriterte einingar som skal utrustast med dette materiellet.

Prosjektstatus: PP

Milepålar:

Godkjent prosjekt:	2012
Kontrakt:	2014
Leveransen avslutta:	2018

Kostnadsanslag:

0-100 mill. kroner.

